

## Champagne-skål for Systrene Nilsen

16.04.2011



4 generasjonar tek imot: Hjørdis, Geir, Frøydis og Lotta. Lotta er siste skot på Nilsn-stammen og fyller eitt år i juni.

**Champagne, kanapear og klypping av raudt band markerte opninga av Systrene Nilsen klokka 14 i dag. Det var med andre ord stil over markeringa, der Nilsen-slektas eldste Hjørdis Nilsen (79) var i hovudrolla og 4 generasjonar var rikeleg representert.**



Klare for opning: Hjørdis, systrene, Morten Nilsen og Karoline Neset

Hjørdis klypte bandet, det var noko ho ikkje hadde gjort før. Dette var ein stor dag for henne. Ho hadde opplevd huset som både slaktehus og bilverkstad og tykte det var kjekt at det no går attende til familien. Hjørdis hadde også gode ord til tvillingsystrene som no satsar på restaurantdrift. Ho roste dei fordi dei er så positive og alltid hadde noko foren også då dei var yngre. Dei bobla av energi og pågangsmot. - Og så er eg så heldig å vera farmor til ytterlegare to her, la ho til før klyppinga.

Hjørdis har tette band til Sanden der ho har budd heile livet. Då ho starta som diskenspringar var ho så liten at kundane ba henne henta ein av foreldra sine! Ho hugsar også krigsutbrotet. då dei måtte stengja butikkdøra og evakuera til Haugland.

Systrene Nilsen ynskte dei første gjestane velkome fredag og den kvelden var det 40 gjestar. Det var drivar Morten fornøgd med, men han er overbevist om at det kjem fleire i kveld. Han har lov til å ta imot 122 pluss 35 på terrassen hvis veret tillet det....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen